

## **Referat frå konstituerande møte i ungdområdet i Modalen**

**Tilstades:** Jakob Farestveit, Sigrid Nese, Oda Lundkvam, Kaia Mo Eikefet, Oda Mo Eikefet, Alva Nåmdal Kjensli, Amalie Heimly og Hilde Brørvik og Ingrid Malene Steinsland.

**Stad:** Konferansebygget på Mo

**Tid:** Sundag 29. november kl. 18.00 - 20.00

### **Saker**

1. Oda Mo Eikefet (som representantant for ungdommen fylkesutvalg i Hordaland) orienterte om korleis me kan arbeide i ungdomsrådet og om andre ungdomsråd sine erfaringar. Tema var mellomanna, kven som set i ungdomsrådet, korleis kan vi påverke, korleis kan vi jobbe med saker og ho fortalte at ungdområdet kan og ta ansvar for arrangement. Vidare orienterte ho om Ungdommens fylkesutvalg og Nettverksamling for ungdomsfylkesutvalget.
2. Kristin Nåmdal som er sekretær orienterte om økonomi og aktuelle politiske saker som ungdområdet kan arbeide med.  
Det er sett av 55 000,- til ungdområdet i budsjettframlegget for 2016. Ungdomsrådet får desse midlane til rådvelde, dei skal dekke utgifter med møter, mat og liknande, kurs og opplæring.
3. Vedtekter for ungdomsrådet  
Kristin hadde laga framlegg til vedtekter, desse vart drøfta og akseptert. Dei vert sendt vidare til Modalen kommune for handsaming.
4. Det var to saker som kom opp som tema i møte og som ungdomsrådet vil arbeide vidare med
  - Busstilbod  
Busstilboden må bli betre i Modalen og ut av Modalen. Det er vanskelig at bussene svært ofte er for seint og dette skaper ei ekstra belastning for dei som pendler langt for å gå på skule. Leiar og nestleiar lager eit brev som går til Modalen Eksingedalen billag.
  - Musikk  
Bruk av høytalere og CD-spiller i Bryggjeslottet, denne har vore i ustund svært lenge. Kristin tek kontakt med Bryggjeslottet for å finne ut om det kan ordnast.

### **5. Val av ungdomsråd**

Det var to som ynskte å stille som kandidat som leiar av ungdområdet i Modalen: Alva Nåmdal Kjensli og Oda Mo Eikefet.

Begge hadde ein kort appell om kvifor dei burde bli valgt. Deretter var det skriftleg val.

#### Valresultat

Oda Mo Eikefet vart valgt til leiar med 5 stemmer

Alva Nåmdal Kjensli vart valgt til nestleiar med 4 stemmer

## **6. Arrangement**

Ungdomsrådet vil ha eit arrangement for å markere at det er etablert eit ungdomsråd i Modalen.

Tid: 20. Desember kl.18.00, alder 7. klasse og oppover.

Det blir filmkveld der ungdomsrådet presenterer seg. Her vert det pizza, julebrus og kaka  
Kristin bestiller Bryggjeslottscene og pizza

Kaia og resten av ungdomskulegjengen tek seg av påmelding frå ungdomskulen.

Ingrid Malene lager plakat.

Amalie lager ein event på facebook ang. julefilmen.

## **7. Diverse**

I møte med ungdommer om kommunestruktur i regi av regionrådet, vart det drøfta at det kunne vere ein ide å ha eit fellesmøte med alle ungdomsråda i regionen. Dette vil gjerne Modalen ungdområd skal bli ein realitet. Det vert sendt ein påminning til Regionrådet.

Ungdområdet planlegg å etablere ei turgruppe for ungdom, Alva har ansvar for å arbeide videre med dette.

Amalie lager ei facebookgruppe for ungdomsrådet

Det var ynskje om å ha møtene på søndagar kl. 19.00- 21.00

Det må lagast ein møteplan

Referent

Kristin Nåmdal

